

Conrad Schærer – sveitsisk agronom, busett i Folldal

Rundt 1850 kom det hit til landet fleire agronomar frå Sveits for å læra nordmennene godt mjølkestell og ysting. Selskapet for Norges Vel hadde kalla desse karane hit. Sveitserane har sett merke etter seg, for i norsk har ordet «sveiser» komme inn om ein kar som arbeider med fjøs og mjølkestell.

Våren 1855 kom brørne Caspar og Conrad Schærer til Noreg. Etter å ha vore på Hedemarken ei tid, hamna Caspar i Nord-Østerdalen, til Sättåhaugen private meieri i Os, og sist til Kvikne der han kjøpte garden Bjørgan. Men det er ikkje om han denne artikkelen skal handla, men om broren Conrad. Conrad kom til slutt til Folldal etter han hadde arbeidd mange stader i Noreg. I Folldal kjøpte han garden Rydningsøyen, øvst i bygda, like ved grensa til Dovre.

Conrad kom fyrst til Teilmann på Tomb i Østfold (der landbruksskulen held til). Han forpakta ei tid fjøset på Tomb, men vart i 1860 tilsett som vandreleiar for Selskapet for Norges Vel med fyrste arbeidsområde i Romsdal Amt. I 1861 var han hjå Jon Harildstad i Nordre Fron og deretter på Steig i Sør-Fron. I 1864 fekk han stipend for å læra nøkkelostlaging i Holland. Vintren 1865-66 gjorde han ein tur heimatt til Sveits, kom så til Ola Landheim på Dovre. Medan han var på Dovre, trefte han kona si, Brit Tjøstoldotter Korsvoll. Dei gifta seg i Dovrekyrkja 13.

april 1868. Garden Rydningsøyen var til sals og Schærer kjøpte garden (skjøte 7.12.1868) og dei busette seg der.



Conrad var fødd kring 1825 i Schönberg i Sveits (kanton Zürich). Han oppgir at han er 43 år gamal da han gifta seg. Kona Brit var mykje yngre, fødd i 1842. Schærer hadde vanskar med å læra seg norsk og det går framleis risper etter språkbruken hans. «Gid dette dag var endt,» skulle han ha sagt da han skulle til kyrkja på bryllupsdagen.

Conrad var ei tid sveiser i Hjerkin.

Han lokka på kyrne så det hørdes vidt ikring. God til å jodla og syngja var han òg. Han var flink med dyr, både med ku og hest. Mengda med fôr var han nøye med. Når han ordna høydottane til kvar ku, når han «vandla», hadde han ei lagga trebytte som mal. Det skulle vera akkurat, skulle ikkje sløst, fôret skulle rekka heilt til vårs. Schærer hadde rita merke i låveveggen kor langt ned i fôrstålet dei kunne ha fôra til ei kvar tid. Om vinteren hadde han dyrne ute kvar dag for å lufte og vatne dei. Det var ei åre, eit oppkomme, like ved garden og dit gjekk han med dyra og vatna dei. Når han laga ost, kvitost, hadde han ei spesiell nålklype som han tok prøve med for å sjå om osten var mogen. Klypa finst framleis i privat eige i bygda. Like eins har Folldal Bygdetun fått i gave ei ostkiste av sveitsisk type etter Schærer.



Conrad fór og gjorde seg nokre turar heimatt til Sveits. Da kjøpte han med seg klukker (lommeur) og kubjøl-ler frå heimlandet som han selde vi-

dere att når han kom til Noreg. Det finst fleire slike kubjøl-ler rundt om på gardane i Folldal og på Dovre. Det er kraftig klang i bjøllene, dei høyrst lang veg. Ein gong Schærer kom att, hadde han eit skjerf innsydd med klukker. Det var om å gjera å komme seg gjennom tollan utan å betala for mykje. Schærer var fyrst inno- m Dombåsen på Dombås gard. Han skulle få ta seg ut varer fyrst.

At Conrad var ein lur kar til å handla, syner denne historia. Han bruka å kjøpe unghestar, temja dei og selja dei att. Han hadde ein dreng frå Dovre som hjelpte han med temjinga. Det fall seg slik at ein svenske som for omkring og kjøpte hestar, kom til Hjerkin- n og spurde på dyr. «Eg veit om ein skikke- leg gamp, men du må betala gildt,» sa Hjerkinnsmannen. Hesten sto hjå Conrad Schærer. Svensken drog ned til Rydningsøyen og det bar borti stal- len. Hesten var krybbebit, men dreng- en slo albogen «tilfeldigvis» opp i kjef- ten på gampen så det ikkje skulle opp- dagast. Og handel vart det. Da sven- sken betalte, la Schærer merke til at det fylgde ein falsk pengeseddel med, men han sa ingenting. Seinare kom det brev frå svensken der han var mis- nøgd. Conrad svara at godtok han ikkje handelen, ville han melda han for falsk pengeseddel. Da vart det stilt. «Det finst ikkje menneske utan feil og dyr utan lyte,» var filosofien hass Con- rad.

Å kjøpa og selja likte han. Ein gong kom han i skade for å kjøpa tjuvods. Det var ein kar frå Folldal som hadde vore inn på ei seter vinterstid, og had- de ruska med seg håmmår og tong som han selda til Schærer. Seinare

kom bygdakaren attende for å klaga si synd. Han måtte henta att det han hadde stole. Schærer vilja ordne kaffe åt 'om. «Eg e' korsje tysst eller svoltin, men no 'e han komme han som eig häämmår'n.»



Caspar Schærer som budde på Kvikne, fann ei julehelg på at han skulle besøka bror sin på Folldalen. Han og kona Ingrid tok i veg med hest og slede. Det måtte vera før 1894. Det var ei lang reise, så dei var borte i fleire dagar. Da dei kom heimatt, prisa dei seg lukkeleg over at dei budde på Kvikne, og ikkje i Rydningsøyen i Øvre Folldal. Det var den mest verharde, karrige og forblåste stella dei hadde vore på.

Edvard Korsvoll (Lien, 108/1) (1872-1966), var godt kjent med Schærer-folka, og mange av historiene om Schærer er etter han. Brit var tanta hans. Edvard var gjetargut i Rydnin-

gensøyen. Conrad viste han på ein haug kvar guten skulle gjeta, kva som var hans beiteland. Dei var strenge på grensene. Ein gjetargut frå ei av grannegardane var komme over på beitelandet til Schærer. Da vart gubben ill-sint. «Beiter du en gang til på mitt beiteland, skjærer jeg hodet av deg og graver det ned i sanden!»

Medan Edvard var hjå Brit og Conrad, fekk han eit ansvarsfullt oppdrag. Han skulle gå med postskreppa mellom skysst-skaffargardane Hjerkin og Dalholen. Postskreppa var ei stor læskreppa, låst, så postopnaren var den som opna, låste opp postskreppa.

På sine gamle dagar var Conrad vel glad i flaska. Nokre fantar herja stygt hjå han ein gong og plaga gamle Schærer og Brit. Men så kom den kjempeterke Kristian Kristenson Hjerkinns-holen og gav fantane herleg juling.



Brit hadde skyldfolk i Midtli Børsungsæter. Ho var tanta til Mari, gift med Ola P. Sæther. Da dei skulle døypa sjette barnet sitt, ei dotter fødd 1898, ville dei kalla oppatt Conrad og Brit. Det var fyrst meininga at jenta skulle ha heitt Klara Birgitte, men det vart berre Klara. Klara fekk bl.a. sveitsisk kubjølle, smørform og kommode etter Brit og Conrad.

Til si store sorg var Brit og Conrad barnlause, og 18. september 1890 selde dei garden til landhandlar Sivert Larsson Haugen på Dovre. Ola P. Børsungsæter kjøpte seinare garden. Conrad døydde 31. mai 1904 og vart gravlagt på Follidal kyrkjegard. Ein fin og forseggjort minnestein over han finst på minnelunden ved kyrkja. Brit levde heilt til 8. desember 1929 og vart da gravlagt på Dalen kyrkjegard.



Kirstine Prestmoen Tallerås forklarar Brita Blomkvist bruken av ambar og sonngraute, se side 120.

Adresse:

Kirstine Prestmoen Tallerås
2584 Dalholen.

Dyktige elever fra Nord-Østerdal videregående skole, se side 120.

